

# Årsmelding for 2024

## Medlemstal

Ved nyttår hadde sogelaget eit totalt medlemstal på 284. I 2024 hadde sogelaget ni medlemmar i tilgang.

## Styret

Ved årsmøtet 21. mars 2024 vart styret som følgjer:

Leiar:	Morten Øveraas (ny for eitt år)
Styremedlemmar:	Ellen Lundgren (ny for to år)
	Marit Gjermundnes (ikkje på val)
	Tore Tomren (ikkje på val)
	Liv Signy Gjeitnes Hellen (ny for to år)
	Jørn Inge Frostad (ny for to år)

Frå årsmøtet 2024 til årsmøte 2025 hadde hovudstyret seks styremøte. Ved nokre tilfelle har andre relevante personar vorte inviterte. Styret har elles hatt kontakt via telefon og e-post etter behov. Heimesida og Facebook-sida har vorte oppdaterte med jamne mellomrom. Per no er det over 500 aktørar som følgjer oss på Facebook. Gjennom året har laget arrangert fleire fysiske arrangement opne for alle interesserte. Parallelt har styret vidareført pågåande arbeid med foto- og arkivrelaterte saker. Fotogruppa har arbeida med bakgrunnsinfo for bilete, hatt kontakt med Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal, samt førebudd materiale til fotokveld. Sjå eiga melding for aktiviteten til skriftstyret.

## Aktivitetar 2024/2025

**21. mars.** Årsmøte vart halde på Vestnes bibliotek. Til saman 30 personar møtte. Vanlege årsmøtesaker. Ingen innkomne saker eller innspel. Etter møtet heldt Ola Gjendem foredrag om Mali Furunes. Einar Baltzersen framførte tekstar om Mali. Musikalsk innslag ved Gabriel Kjelsvik.

**2. juni.** Omvising ved militæranlegget på Øverås. Først var det halde eit innleiande foredrag på Ungdomshuset Ljosvang, deretter vandring med fleire stoppestader ved militærbatteriet som tyskarane bygde opp under andre verdskrig. Foredrag og omvising ved styreleiar. Det vart arrangert to runder. På kvar av rundene møtte 70-80 personar fram.

**29. juli.** Styreleiar deltok under Olsokfeiringa ved Tresfjord Museum med foredraget: «Den moderne olsokfeiringa».

**7. august.** Sogelaget monterte ei utstilling om Mali Furunes på Vestnes bibliotek. Utstillinga er produsert ved Romsdalsmuseet og består av foto og kortare tekstar, samt ein Romsdalsbunad.

**24. september.** Arkeolog og stipendiat Kristoffer Dahle heldt foredrag på Vestnes bibliotek, med tittelen «Furlandsmyran – en «rosettastein» for forståelsen av den regionale jernfremstillingen i jernalderen og middelalder». Om lag 70-80 personar møtte fram for å høyre om dette spanande temaet.

**24. oktober.** Fotokveld på Vestnes bibliotek. Fotogruppa presenterte om lag 50 eldre foto, med hovudvekt på austlege delar av kommunen. Dei om lag 80 frammøtte vart oppfordra til å dele informasjon om folk og hendingar. Mykje ny informasjon vart notert av referentar.

**31. oktober.** Sogelaget monterte ei utstilling om Anders Olson Sand på Vestnes bibliotek. Utstillinga er produsert ved Romsdalsmuseet og består av foto og tekst, samt bøker som har vore i Sand sitt eige.

**20. november.** Styreleiar heldt foredraget «Militæranlegget på Øverås» for Tomrefjord pensjonistlag på Kulturhuset Idahall.

**20. november.** Lansering av nytt årsskrift på Vestnes bibliotek. Presentasjonar av skriftstyret og artikkelforfattarar. Musikalsk innslag ved Josefine Hoem-Schjølberg. I etterkant av boksleppet var det utdeling av bøker ved hjelp av frivillige. Årsskriftet er det største nokosinne og lanseringa var godt omtalt i lokale aviser.

### **Økonomi**

Resultatet for 2024 enda med eit overskot på kr. 46424. Overskotet er sikra ved relativt moderate trykkekostnader for årsskriftet. Medlemskontingent, sponsormidlar og sal av årsskrift har også bidratt til at rekneskapen går i pluss. Utgifter til diverse arrangement har i nokon grad vorte dekt inn av gåver og anna støtte. Alt i alt er den økonomiske situasjonen i laget god.

Vestnes, 4. mars 2025

Marit Gjermundnes, Liv Signy Gjeitnes Hellen, Ellen Lundgren, Jørn Inge Frostad, Tore Tomren og Morten Øveraas